

Tabell A-fk

Utgiftsutjamning o.a. for fylkeskommunane 2018

Kolonne 9 viser sum utgiftsutjamning for den ein skilde fylkeskommune. Utjamninga er ei omfordeling mellom fylkeskommunar som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (berekna i kolonnane 1–5) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (berekna i kolonnane 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er vidare nytta i tabell 2-fk, kolonne 2.

Utgiftsutjamninga er berekna på grunnlag av innbyggjartalet per 1. juli 2017.

Kolonne 1 – Indeks for berekna utgiftsbehov

Utrekning av indeks for berekna utgiftsbehov er dokumentert i tabell D-fk. Ein indeks på 1 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov lik landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov som er respektive 10 pst. høgare og 10 pst. lågare enn landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell D-fk, kolonne 19.

Kolonne 2 – Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov per innbyggjar

Utgiftsbehovet for 2018 er på landsbasis berekna til om lag 57,1 mrd. kroner, som utgjer 10 822 kroner per innbyggjar.

Kolonne 3 – Berekna utgiftsbehov i kroner per innbyggjar

I kolonne 3 er gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov på landsbasis (kol. 2) multiplisert med indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 1) for kvar fylkeskommune og vist i kroner per innbyggjar.

Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i fylkeskommunen

Omfordeling per innbyggjar blir vist i kolonne 4 og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

Kolonne 5 – Samla omfordeling for fylkeskommunen (1 000 kr)

Omfordeling utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 5 og er rekna ut ved at omfordeling i kroner per innbyggjar (kol. 4) blir multiplisert med innbyggjartalet i fylkeskommunen per 1. juli 2017 (tabell E-fk, kol. 2).

Kolonne 6 – Trekk for elevar i statlege og private skular

Fylkeskommunane får eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular. Sjå innleiingsteksten i Grønt hefte for ein nærare gjennomgang av korreksjonsordninga for statlege og private skular. Elevtala som ligg til grunn er gjennomsnittet av elevtala ved statlege og private skular per 1. oktober 2016 og 1. april 2017 (tal frå Kunnskapsdepartementet). Elevtala ligg i tabell E-fk i kolonne 26-29.

Tabellen under viser trekkssatsane som blir nytta i korreksjonsordninga i 2018.

Trekkssatsane per elev for 2018:	
Vanleg undervisning	109 300
Gartner- og landbruksskular	134 200
Spesialskular	294 200
Opphald/innlosjering ved skulen	310 800

Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk

Samla trekk for alle fylkeskommunar (landssum, kolonne 6) blir ført tilbake til den einkilde fylkeskommune etter fylkeskommunen sin del av utgiftsbehovet.

Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning

Utgiftsutjamninga, inkl. omfordeling for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir nytta vidare i tabell 2-fk, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.